

Protokoll - møte i Strandebarm sokneråd, 04/25

Stad: Kyrkjelydshuset

Tid: Torsdag 05.06. kl. 19.00-21.00

Til stades: Tor Håkon Berge, Lenie Hoogerbrugge, Renate Bakkely Nernes, Vetle Karlsen Eide. Margun Mikkelsen Tordal, Kjell J. Hoff

Forfall: Jorunn B. Lillefosse, Lillian H. Fosse

Opning: Tor Håkon Berge

Sak 29/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Merknad: Innkallinga til møtet 05.06.25 kom i seinaste laget.

Vedtak: Sakliste, samt møtebok for soknerådsmøte 27.03. vert godkjende, med nemnte merknad.

Sak 30/25 Meldingar

- **Orgelnemnd.** Kontobehaldning. Stor gåve frå Fosse indremisjon og Pensjonistforbundet. Foreløpig har vi fått kr. 360.000,- til orgelet.
- **Jubileumsnemnd:** Skrivekomite er: Hans Fosse, Leidolv Berge, Arne Gjerstad og Anne Marie Berge.

Desse har fordelt oppgåvene seg imellom. Dei held på å systematisera informasjon via gamle kyrkjeblad, og dei har sett opp ein førebels disposisjon for kva stoff som skal vera med i eit jubileumsskrift.

Nemnda skal og kontakte Bergen museum for å låne gjenstandar frå gamle Strandebarm kyrkje.

- **Messy Church.** 4.9 kjem Jannicke Kjølås Ludvigsen, frivilligrådgevar frå Søndagsskolen, Norge til Strandebarm sokneråd. Me vil gjerne også invitera andre interesserte i kyrkjelyden til denne orienteringa, eks. menneske i kyrkjelyden som vi trur kan ha lyst til å ta del i denne orienteringa. Margun

Vedtak: Meldingar vert tatt til vitande.

Sak 31/25 Brannøving

Vedtak:

1. Soknerådet ved leiar kallar inn alle kyrkjevertar til brannøving torsdag 25.09.25 (som er møtedato for soknerådet) kl. 19.00-19.30.
2. Soknerådet møter direkte i kyrkja.
3. Kyrkjetenar har ansvar for gjennomføring av øvinga.
4. Soknerådsleiar gjev melding til kyrkjetenar om vedtaket.

Sak 32/25 Sak frå årsmøtet-25: Gudstenesteutval

Merknad: Soknerådet har eit ønske om å opprette eit gudstenesteutval. Soknerådet kna vere behjelpelege med forslag til namn/ kandidatar til utvalet.

Soknerådet vil, i samarbeid med utvalet, arbeide fram eit mandat som utvalet kan arbeide etter.

Utvalet kan ha ulike oppgåver som:

- Koma med framlegg til salmeval
- Setja opp forsongargrupper
- Laga forslag til temagudstenester.
- Koma med forslag til aktivitetar som årets konfirmantar/ tidl Konfirmantar kan delta i.
- mm

Vedtak: Soknerådet oppnemnar gudstenesteutval for perioden 2025 – 2027, med dei merknadar som kjem fram i saka.

Sak 33/25 Medarbeidarfest og konfirmantjubleumsfest

Vedtak:

1. Konfirmantjubleumsfesten vil bli arrangert sundag 28.09.25, rett etter gudstenesta som er kl. 11.00. Middag, kaker og kaffi blir servert til sjølvkost. Pris pr. deltakar: kr. 300,-
2. Soknerådet vil arrangera medarbeidarfest oktober 2025. Vi kjem tilbake til eksakt dato seinare. Soknerådet lagar mat og serverer.

Sak 34/25 Tilbod om køyring til/ frå gudstenester (køyreteneste)

Merknad:

1. Det blir etablert fleire lag (kanskje 3) frå ulike stader i bygda som kan køyre på ulike sundagar.
2. Det blir etablert eit felles telefon-nummer som ein kan ta kontakt med om det er naudsynt med transport.
3. Tilbod om køyring vil bli informert om på gudstenester.
4. Behov for sjåførar blir og meldt inn på gudstenester framover.
5. Tilbodet blir lansert 1.9.2025.

Vedtak: Soknerådet etablerer ei ordning med skyss til og frå gudstenester i kyrkja eller kyrkjelydshuset, jfr. merknader som kom fram i under behandlinga av saka.

Sak 35/25 Tildeling av takkoffermidlar

Merknad:

- Tildeling av takkoffermidlar må sjåast i samanheng med tidlegare tildelte ofringar (fom vår 2024 tom vår 2025) og kva organisasjonar som er oppførte på nettsida <https://www.kirkekollekt.no/>.
- Soknerådsleiar legg fram forslag til liste.

Vedtak: Soknerådet vedtar takkofferliste f.o.m. 1.7 – tom. 31.12, jfr. merknader som kom fram under behandlinga.

36/25: Soknerådsvalet 2027

(Sak frå soknerådsleiararmøtet 05.02.25)

Merknad: Med tanke på nytt gudstenesteutval, fokusering på positiv omtale av det å sitte i soknerådet, ny satsing på frivillig teneste, søndagsskule og eit ønske om å høyre til lokalt, sit det langt inne å sjå føre seg ei samanslåing av soknerådet i Strandebarm med andre sokneråd i Kvam.

Vedtak: Basert på samtalen i soknerådet og merknadane som kom fram, vil ikkje soknerådet i Strandebarm tilrå samanslåing med dei andre sokneråda i Kvam.

37/25: Pinsevandringa til Holsete: 2. pinsedag

Vedtak: Soknerådsleiar utarbeidar ein enkel natursti som kan nyttast under pilegrimsvandringa på dei ulike stasjonane som de vaksne stoppar opp ved.

38/25: Dugnad haust-25

Merknad/ ulike oppgåver:

Prioritert arbeid:

- Måle dører og dørlister i gongane til både barne- og prestesakristi
- Målast på vegg bak preikestol og vegg ut mot prestesakristi
- Preikestolen må flikkast.

Føresetnad: same fargane som allereie er i kyrkja må nyttast

Anna prioritert arbeid:

- Kyrkjebenkene er stygge etter «Corona-teipen», og bør behandlast.
- Golvet er veldig slite. Mest framme under pianoet. Her må det blir gjort ein innsats
- Søylen er også veldig slitne og bør gjerast noko med.

Soknerådsleiar tar sikte på lage ein liste med oppgåver og folk til soknerådsmøtet 4. september.

Vedtak: Soknerådet inviterer til felles dugnad for heile kyrkjelyden hausten 2025 med utgangspunkt i lista som kom fram under behandlinga i møtet (sjå merknadar).

Sak 39/25: Eventuelt

1. Tidspunkt for konfirmasjonar i 2027 i Strandebarm

Vedtak:

I 2027 blir det konfirmasjon i Strandebarm 25. april.

For dei neste åra blir konfirmasjonsdatoane i Kvam slik:

- 2028: 6./7 mai + 13./14. mai
- 2029: 5./6. mai + 12./13. mai
- 2030: 4./5.mai + 11./12.mai